



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BLU-BACH15

Prædefinert informasjon

Startdato:	29-12-2017 09:00	Termin:	2017 HØST
Slutdato:	12-01-2018 14:00	Bedømmelsesform:	Norsk 6-trinsskala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave	ECTS:	15
SIS-kode:	203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2017 HØST		
Intern bedømmer:	Merete Økland Sortland		

Deltager

Navn:	Kristine Buchuold
Kandidatnr.:	18
HVL-id:	138634@hvl.no

Information fra deltager

Tittel *:	Barn si nysgjerrighet og merksemd ved bruk av utstyr i naturen
Tal på ord *:	9286
Namn på rettleiar *:	Merete Økland Sortland
Tru- og loverklæring *:	Ja

Eg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgåva mi *

Ja



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Barn si nysgjerrigheit og merksemd ved bruk av utstyr i naturen

Children's curiosity and attention when using equipment in nature

Kandidatnummer: 18

Namn på bachelorprogrammet: BLU-BACH15

Avdeling/Institutt/program:

Barnehagelærerutdanninga, Stord

Rettleiar: Merete Økland Sortland

Innleveringsdato: 12.01.2018 kl 14:00



Høgskulen
på Vestlandet

Barn si nysgjerrighet og merksemd ved bruk av utstyr i naturen

Bacheloroppgåve hausten 2017
Barnehagelærer 3. året
Kandidat 18



Foto: privat

«Kva utstyr har pedagogisk leiar med i tursekken for å leggja til rette for lek og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og korleis blir utstyret brukt?»

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriva som ein del av barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Stord. Målet med denne bacheloroppgåva var å få djupare kunnskap om temaet, samt belysa temaet opp for andre. Temaet i denne bacheloroppgåva er korleis pedagogisk leiar brukar utstyr bevisst for å leggja til rette for at barna skal kunna bli nysgjerrige og undra seg over det som dei ser og finn ute i naturen. Problemstillinga vart derfor; *«Kva utstyr har pedagogisk leiar med i tursekken for å leggja til rette for leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og korleis blir utstyret brukt?»*.

Eg vil først og fremst takka dei fire pedagogiske leiarane som stilte opp til mine forskingsintervju slik at eg kunne gjennomføra oppgåva. Vidare ønsker eg å takka Kari Espe for korrekturlesing og biblioteket på HVL avdeling Stord for rettleiing for bruk av kjelder. Til slutt ønsker eg spesielt å takka rettleiaren min Merete Økland Sortland for god rettleiing, mykje motivasjon, eit godt samarbeid og raske svar på mail.

Samandrag

Under prosessen med å skriva denne bacheloroppgåva har eg tileigna meg mykje ny og nyttig kunnskap som eg kan ta i bruk når eg startar å jobba som barnehagelærer i ein barnehage.

Grunna mi eiga interesse for å undra meg over det som er i naturen vart temaet i denne bacheloroppgåva korleis pedagogisk leiar brukar utstyr bevisst for å leggja til rette for at barna skal kunna bli nysgjerrige og undra seg over det dei ser og finn ute i naturen. Ut i frå temaet vart problemstillinga «*Kva utstyr har pedagogisk leiar med i tursekken for å leggja til rette for leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og korleis blir utstyret brukt?*».

For å få svar på problemstillinga valte eg å nytta ein kvalitativ forskingsmetode, og eg intervjuar fire pedagogiske leiarar frå to forskjellige barnehagar. I slutten av bacheloroppgåva drøfter eg resultatata frå intervjuar opp mot teorien og på denne måten svarar eg på problemstillinga som kjem fram i konklusjonen. Ut i frå teorien og drøftinga av resultatet er min konklusjon at det å ha eit standard val av utstyr i tursekken vil vera nødvendig for å kunna påverka barna si merksemd og nysgjerrigheit slik at dei skal kunna læra av det.

Summary

During the process of writing this Bachelor's thesis, I have acquired new and useful knowledge that I can use when I start working as a kindergarten teacher in a kindergarten.

Because of my own interest and wonder about what nature is, the subject of this bachelor's thesis became how the kindergarten teacher uses equipment consciously to help children to become curious and wonder over what they see and find out in nature. Based on the subject, the research question is: «What equipment does the kindergarten teacher have in the rucksack to facilitate play and learning in nature outside the kindergarten's outdoor area, and how is the equipment used?»

To answer the questions, I chose to use a qualitative research method, and I interviewed four kindergarten teachers from two different kindergartens. At the end of the Bachelor's thesis, I discussed the results from the interviews and responded to the theory, and in this way I answered the questions raised in the conclusion. Based on the theory and discussion of the outcome, I conclude that having a standard choice of equipment in the rucksack will be necessary to influence the children's attention and curiosity so that they can learn from it.

Innholdsliste

Forord	3
Samandrag	4
1.0 Innleiing	6
1.1 Val av tema og problemstilling	6
1.2 Oppbygging av oppgåva	7
2.0 Teoridel	8
2.1 Barn si nysgjerrigheit og lærelyst ved bruk av utstyr	8
2.2 Utstyr og barn si merksemd	9
2.3 Turen utanfor barnehagen sitt uteområdet	11
2.4 Utsyr som bør vera med i tursekken	12
3.0 Val av metode.....	14
3.1 Kvalitative intervju	14
3.2 Datainnsamling	14
3.3 Validitet og reliabilitet	15
3.4 Ethiske vurderingar	16
4.0 Presentasjon og drøfting av resultat	17
4.1 Syn på naturen som leike- og læringsarena, og målet med turen utanfor barnehagen sitt uteområdet.....	17
4.2 Referanseplassar og fast utstyr i tursekken	19
4.3 Korleis utstyret som er med blir brukt	22
4.4 Barna sin leik, nysgjerrigheit, lærelyst og merksemd.....	23
5.0 Oppsummering og konklusjon	27
Litteraturliste	28
Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking	30
Vedlegg 2: Intervjuguide.....	32

1.0 Innleiing

Denne bacheloroppgåva er skriva som ein del av barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Stord, og er skriva i femte semester hausten 2017. Etersom eg går på profil natur, helse og bevegelse (NHB) var det naturleg for meg å velja eit tema innanfor dette feltet. Sjølv om me har hatt ein del undervisning om temaet var eg likevel nysgjerrig på å finna ut meir. Korleis barnehagelæraren legg til rette for leik og læring utanfor barnehagen sitt uteområdet og om barnehagelæraren brukar utstyr for å fanga barna si merksemd og nysgjerrigheit var noko eg ønska å finna svar på. Eg intervjuar derfor fire barnehagelærarar.

1.1 Val av tema og problemstilling

Det å gå på tur utanfor barnehagen sitt uteområdet er ofte ein del av barnehagekvardagen, og mange barnehagar har minst ein turdag i veka. Sjølv synast eg det er spennande og interessant å gå i naturen og undra meg over det eg ser. Temaet i denne bacheloroppgåva vart derfor korleis pedagogisk leiar brukar utstyr bevisst for å leggja til rette for at barna skal kunna bli nysgjerrige og undra seg over det dei ser og finn ute i naturen. Ut i frå dette ønsker eg å forska på korleis utstyret som er med i tursekken påverkar barna si merksemd når dei er ute i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet. Tidlegare forskning på temaet viser at barn som brukar forskjellig utstyr i leiken vil kunna utvikla seg vidare og lære av dette, og at utstyret som barna har tilgjengeleg vil forlenga leiken til barna (Fleer, 2009). Tidlegare forskning har også funne ut at både miljøet som barna er i og det utstyret som barna har tilgjengeleg spelar inn på læringssituasjonane (Thulin & Gustavsson, 2017). Å få meir kunnskap om temaet og korleis barnehagelærarar jobbar med det vil også vera svært relevant for meg når eg begynnar å jobba som barnehagelærer i ein barnehage.

Eg har ut i frå temaet valt problemstillinga «*Kva utstyr har pedagogisk leiar med i tursekken for å leggja til rette for leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og korleis blir utstyret brukt?*».

I Barnehageloven (2005) står det at barna skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og at barnehagen skal bidra til trivsel og glede i leik og læring. I tråd med det *Rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver* (rammeplanen, Utdanningsdirektoratet,

2017, s. 52) skriv vil det å vera ute i naturen gi barna erfaring med og eit ønske om å ta vare på naturen, og at den byr på mykje glede og trivsel fordi det finst mange moglegheiter for leik og læring. Barnehagepersonalet er ansvarlege for at barna skal få læra og utvikla seg på alle områder, og det er viktig å leggja til rette for leik og læring i barnehagen. Vidare står det i rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 52) at barna skal få vera nysgjerrige og dei skal få erfaring med å bruka reiskap. Barnehagelæraren må gi barna moglegheit for det gjennom å ha reiskap tilgjengeleg for barna.

I rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017) blir omgrepet reiskap brukt, men i denne bacheloroppgåva brukar eg omgrepet utstyr som eit samla begrep. Med dette meiner eg det som pedagogisk leiar har med seg i tursekken når dei skal på tur. Det kan vera utstyr, som til dømes, noko å samla i (bøtter eller plastposar), luper i forskjellige former, håvar eller tau. Det kan også vera reiskap eller verktøy som hammar, kniv og sag. Men utstyr kan også vera det som naturen byr på i seg sjølv, altså naturmateriale. Naturmateriale vil vera det som ein finn når ein er på tur, som til dømes steinar, pinnar, mose, smådyr, vatn eller trær til klatre i.

1.2 Oppbygging av oppgåva

Denne bacheloroppgåva er delt inn i fem hovuddelar. Innleiingsvis har eg grunngjeve for val av tema og problemstillinga. Del to er ein teoridel som er knyta opp mot val av tema og problemstilling. I del tre eg har grunngjeve for valet av metode som er brukt for å finna svar på problemstillinga. I del fire kjem resultat og drøftingsdel der eg presenterer resultata og drøftar dette opp mot teorien som er skriva i teoridelen. Til slutt kjem ein konklusjon der problemstillinga blir svara på.

2.0 Teoridel

I denne delen presenterer eg teorien som er knyta opp mot temaet og problemstillinga i bacheloroppgåva. Her skriv eg om barn si nysgjerrigheit og lærelyst ved bruk av utstyr. Eg går vidare inn på barn si merksemd når dei brukar utstyr, og barna sine tre merksemdfasar. Til slutt skriv eg om turen som går utanfor barnehagen sitt uteområdet, og utstyret som bør vera med i tursekken.

2.1 Barn si nysgjerrigheit og lærelyst ved bruk av utstyr

Barna har ei oppdagingstrong, dei er mykje meir nysgjerrige og har ein større fantasi enn det dei vaksne har. Ut i frå dette vil naturen by på mange forskjellige utfordringar (Vedum, Dullerud & Ødegaard, 2005, s. 18). Og som Maanum (2010, s. 39) skriv vil naturen i seg sjølv gi mange unike moglegheiter til å oppleve meistring av leik og sosialt samspel, men også meistring av eigen kropp. Han skriv vidare at når barna får vera mykje ute i naturen lærar dei seg å sjå kva moglegheiter som naturen byr på, og at i naturopplevingane ligg det også mykje læring. Læring er heile tida ein prosess som er aktiv, og barna skal få vera medkonstruktørar til si eiga læring (Pape, 2006, s. 126). Dersom barna brukar forskjellig utstyr i leiken, vil dei også kunna utvikla seg vidare og læra av det (Fleer, 2009).

Naturen blir ein fin arena for læring dersom det er vaksne til stade som er rettleiande, gir barna hjelp og støtte. Barnehagepersonalet må vera engasjerte og bry seg om barna og deira læring (Pape, 2006, s. 133). Barnehagepersonalet må reflektera over si eiga rolle, og på denne måten kan dei utnytta situasjonar til å bli gode lærings situasjonar (Pape, 2006, s. 129).

Lærings situasjonane krev visse forhold. Både miljøet som barna er i og det utstyret som barna har tilgjengeleg spelar inn. Utstyret må vera bra og rett i forhold til det som det skal brukast til, og barnehagepersonalet må skapa interessante miljø for barna (Thulin & Gustavsson, 2017).

I følge Maanum (2010, s. 32) meiner Fischer og Madsen (1984) at barnehagepersonalet må vera medoppdagande, medundersøkande, medopplevande og med-aktive for å få fram barna si nysgjerrigheit og interesse. Ein slik vaksen må gå ned på barna sitt nivå, og ein må kunna sjå i frå barna sitt perspektiv. Den vaksne må vera aktiv sansande ilag med barna, og ha ein leikande haldning (Maanum, 2010, s. 32). Nysgjerrigheita til barna er avhengig av det som er

rundt dei, og det er derfor viktig med miljø som appellerar til barna og deira behov. Barna har eit ønske om at miljøet skal appellera til følelsar og tankar, og det skal kunna gi varierte og fysiske utfordringar (Lysklett, 2006, s. 14).

Det er eit mål at barna skal få oppleva glede av å vera ute i naturen, og dette oppstår når ein undrar seg og lar seg begeistra over noko som ein finn i naturen (Vedum et al., 2005, s. 72). "Bruk din egen entusiasme, nysgjerrighet og glede, da kan du skape mye interesse og entusiasme hos barna for de teamer og emner du selv har lyst til å arbeide med" (Maanum, 2010, s. 75). Ut i frå dette er det viktig å tenka over at det er barnehagepersonalet som legg forholda til rette for kva utsyr barna har tilgjengeleg. På denne måten blir barna si merksemd og konsentrasjon indirekte styrt av dei vaksne, og barna si interesse for å utforska vil drive barna vidare til å utforska meir (Nordahl & Misund, 2009, s. 109). Utstyret som barna har tilgjengeleg vil forlenga leiken til barna, og barna får også eit nytt fokus når dei får bruka utstyret til å utforska med (Fleer, 2009). I følgje Braute og Bang (1994, s. 32) meiner Fischer og Madsen (1986) at utstyret vil gjer at dei får større interesse for å studera det dei har funne nærmare.

Når barna har utstyr tilgjengeleg vil dei også læra å bruka det på ein hensiktsmessig måte. På denne måten lærer dei seg å bruka naturen, som til dømes å studera smådyr, og dei lærar korleis dei skal handtera utstyret slik at dei ikkje skadar seg sjølv eller andre. Barna lærer også å dela og hjelpa kvarandre, noko som kan fremma vennskap (Nordahl & Misund, 2009, s. 109).

2.2 Utstyr og barn si merksemd

Det å vera merksam på noko handlar om at ein har bestemt at nokre av sanseintrykka er meir verd enn andre. Det skjer ved indre omarbeiding der barna har valt å lukka noko av sanseintrykka ute, medan dei lar nokre av sanseintrykka gå inn over seg (Fischer & Madsen, 2002, s. 118). Barna sine tidlegare erfaringar er med på å bestemma kva barna vel å konsentrera seg om, og på denne måten kva sanseintrykk dei vel å ta inn over seg. Sanseintrykka til barna er avhengig av den følelsesmessige verdien barna har for omverdenen. Gjennom barna si merksemd vil barna sine verdinormer, vilje og følelsar koma til uttrykk (Fischer & Madsen, 2002, s. 118). Barna si merksemd vil også påverka barna sine læringspotensiale (Nordahl & Misund, 2009, s. 67). For å fenga barna si merksemd vil det å

ha med seg utstyr vera nyttig, dette er fordi barna vil med eit augneblink bli merksame når dei får bruka kroppen og hendene sine, og ikkje minst når dei får ta i bruk utstyr (Fischer & Madsen, 2002, s. 153).

Barn si merksemd går gjennom tre fasar, og barna kan gå fram og tilbake mellom fasane når dei driv på med noko (Fischer & Madsen, 2002, s. 138-139). Merksemda til barna startar alltid med ein opplevingsfase, og den er ofte prega av utbrot som «sjå her!» og «oj!». Slike utbrot kjem barna med for å gjera andre barn og vaksne merksame, slik at dei kan dela opplevinga ilag med dei. Det å sitte seg på kne tett innpå det som er interessant og seia «sjå her!» med innleving, vil gjera både barn og vaksne merksame og nysgjerrige. På denne måten vil det ikkje ta lang tid før alle er samla rundt det som er interessant (Maanum, 2010, s. 29). Når barna får holda aktivt på med eit konkret materiale vil barna vera engasjerte og det er no barna er mest merksame (Fischer & Madsen, 2002, s. 122). I undersøkingsfasen vil barna undersøka det dei har funne nærmare og å gi barna verktøy, som til dømes ei lupa, vil gjer at fasen varar lengre (Langholm, 2011, s. 33). På denne måten kan ein seia at merksemda til barna blir skapt av verktøyet (Fischer & Madsen, 2002, s. 140).

Mest umerksame er barna når barnehagelæraren brukar lange forklaringar når dei skal formidla noko til barna (Fischer & Madsen, 2002, s. 130-131). Når barna blir forklart noko, må dei handtera sin eigen verkelegheit på ein anna måte, og barnehagelæraren kjem ofte med lange forklaringar, som gjerna går over hovudet til barna. På denne måten vil barna vera umerksame, fordi dei har erfart at denne informasjonen har dei ikkje bruk for og den blir derfor kjedeleg (Fischer & Madsen, 2002, s. 133). Barna har ingen indre knaggar som den nye kunnskapen kan henga på og barnehagepersonalet tar skjeldan omsyn til barna sine eigne erfaringar, og kunnskapen som dei kjem med blir ofte uinteressant for barna (Maanum, 2010, s. 31). Det er i den siste fasen i dei tre merksemdfasane at barnehagelæraren kan koma med sin kunnskap, fordi der er no barna er opne for å ta i mot ny kunnskap. Dette er fordi når barna har fått ei oppleving ved å oppdaga noko og undersøkt dette nærmare, kan dei ha behov for å reflektera over det dei har opplevd. Då kommenterar barna gjerna det dei har opplevd eller kjem med spørsmål (Langholm, 2011, s. 34). Det er viktig å tenka over at barna er mest umerksame når barnehagelæraren brukar lange forklaringar og det kan vera lurt å bruka andre måtar å formidla ny kunnskap på til barna. Ein bør gjerna bruka konkretar slik at barna får bruka sansane sine til å utforska (Langholm, 2011, s. 34).

Sjølve utstyret som barna held på med er viktig for å fanga barna si merksemd. Det utstyret som barnehagepersonalet vel å ha tilgjengeleg for barna og måten dei brukar det på, vil påverka korleis barna vil bruka utstyret, kva følelsar ein får fram hos barna, ideane deira og korleis språket blir forma. Her er det viktig at barnehagepersonalet har ein bevisstheit i forhold til kva utstyr som er tilgjengeleg for barna (Langholm, 2011, s. 35). Til dømes vil det å ha naturfagaktivitetar i ein sløydsal bli vanskeleg. Då kommuniserer ein to ting, ein snakkar om naturfag, men rommet kommuniserer sløydaktivitetar (Sortland et al., 2017). Det barna lærar, er omgivnadane med på å forma. Ut i frå dette kan me seie at omgivnadane barna er i når dei er på tur i naturen utanfor barnehagen spelar ei stor rolle for barna si læring. Dette er fordi barna blir kjende med nye plassar og dei får vera nysgjerrige og undra seg over naturen og det den tilbyr (Langholm, 2011, s. 35).

2.3 Turen utanfor barnehagen sitt uteområdet

Turen utanfor barnehagen sitt uteområdet bør ha eit mål, men målet bør kunna endrast undervegs ut i frå det barna blir opptekne av på turen (Maanum, 2010, s. 59). Barna blir ofte opptekne av noko, og det er viktig å stoppa for å undra seg og ha det gøy (Maanum, 2010, s. 64). Når ein skal på tur er det også viktig å leggja vekt på naturen som utstyr i seg sjølv. Men som nemnd tidlegare har barna i undersøkingsfasen behov for å undersøka det dei har funne nærmare. Ved å gi barna verktøy i denne fasen, til dømes ein pinsett eller ei lupa, vil gjera at denne fasen varar lengre (Langholm, 2011, s. 33).

«Den døde musens pedagogikk» handlar om at barna ofte blir oppteken av ting som dei vaksne ikkje er opptekne av. Det er derfor viktig at ein ikkje er redd for å gi slepp på dei planane som ein hadde for turen når barna oppdagar slike «døde mus», og at planane ikkje blir til hinder for barna si nysgjerrigheit (Langholm, 2011, s. 26). Maanum (2010, s. 74) kallar dette for «Den døde froskens pedagogikk» og at ein må gripa augneblinken og visa iver og nysgjerrigheit saman med barna når barna blir oppteken av noko. For å understreka dette skriv Maanum (2010, s. 74) "La aldri en slik anledning gå fra dere! Planer er til for å brytes i tilfeller hvor virkeligheten griper barna!"

Referanseplassar er ein eller fleire faste plassar som ein går på tur til utanfor barnehagen sitt uteområdet. Dette vil vera plassar som barna blir kjent med, og når dei har fått utforska og kjenner plassen, vil dei føla seg trygge. Slike referanseplassar vil kunna vera eit godt

utgangspunkt for vidare utforsking. På ein plass der barna er kjende veit dei også kor dei kan finna ei maurtua eller kor det er ein froskedam (Maanum, 2010, s. 61).

2.4 Utsyr som bør vera med i tursekken

Kva ein planlegg å gjera på turen og kva erfaringar ein har, er med på å avgjera kva som skal vera med i tursekken når ein går på tur (Maanum, 2010, s. 69). Å ha med utstyr vil gjer at barna blir meir merksame og ivrige (Maanum, 2010, s. 66-67).

Opplevingar ute i naturen blir større dersom ein har utstyr som ein kan bruka til hjelp. Mykje av utstyret kostar lite å kjøpa, og mykje av det kan ein også laga sjølv. Brukte isboksar og syltetyglas er til dømes kjempe fine til å samle ting i, og dei kostar ingenting (Braute & Bang, 1994, s. 32). Ved å bruka augo og fantasien vil ein kunna finna mykje billig utstyr ein kan bruka når ein skal på tur for å skapa undring og nysgjerrigheit (Braute & Bang, 1994, s. 39).

Å ha ein sekk med eit standard val av utstyr kan vera nyttig når ein skal på tur med barna i barnehagen. Dersom ein har eit fast grunnutstyr i tursekken, vil ein kunna vera forberedt til å møte dei utfordringane som både barna og naturen kjem med. Fyrstikker, insektspinsettar, små plastposar, isboksar, bøker, tursag og kniv er noko av det utstyret som bør vera fast med i tursekken på tur (Hov, 2017a). Utstyret som er med på turen kan gjera slik at aktivitetane varar lengre og blir meir interessante, og dermed aukar læringsutbytte for barna (2017b).

Lupa er eit av det viktigaste utstyret som bør vera med i tursekken. Å ha ei snor i lupa, vil vera ein fordel då det ikkje blir like lett å mista den og den kan vera rundt halsen (Braute & Bang, 1994, s. 32). Av luper er handholdt bordlupe eller lupeboksar dei beste for barna. Dette er fordi når ein brukar bordlupa vil avstanden mellom linsa og objektet passa perfekt og barna vil då sjå objektet skarpt. Lupeboksane er også veldig fine til å samle ting i, samtidig som ein kan studera det ein har funnen nærmare gjennom linsa (Hov, 2017b).

Barna i barnehagen bør få moglegheta til å læra seg å bruka kniv. Dette er fordi då lærar dei seg risikoen for å skade seg, og dei lærar seg korleis dei skal bruka kniven som eit reiskap. Det er viktig med reglar, og ein må gi god opplæring om bruk av kniv til barna (Hov, 2017b).

Anna utstyr som kan vera bra å ha med på turen utanfor barnehagen sitt uteområdet er forskjellige typar hån som til dømes sommarfuglhån, slaghån og vannhån (Braute & Bang, 1994, s. 34-35). Insektsfeller kan vera praktisk når ein skal leita etter smådyr og ein kvit duk som ein legg på bakken fungera bra til dette (Braute & Bang, 1994, s. 36). Tau er også noko som kan vera lurt å ha med seg. Tau kan ein bruka til å laga slenger og taubruer/balansebruer. For å laga slike ting må ein bruka kraftig tjukt tau, men dersom ein skal laga knutar og surringar for å styrka installasjonar, til dømes til gapahuk, treng ein tjukk hyssing av bomull eller hamp. Grovt innpakkingstau av hamp er det beste tauet ein kan ha med seg på tur (Loftesnes, 1998, s. 54-55).

Dersom ein skal laga til ein naturleikeplass vil det vera nødvendig å nytta verktøy som tau, kniv, øks, sag, hammar og spikar. Ved slikt verktøy er det viktig med nokre forhandsreglar og kunnskap om kva verktøy som eignar seg best. Det er viktig å veta at det er ikkje alle barn som bør få bruka øks, og dette må barnehagelæraren vurdera ut i frå barnet si interesse og modning. Det å ha med seg ei sag kan vera spesielt godt når ein skal fella små tre og kappe opp i ønska størrelse. Det er ei vedsag med grove tenner som eignar seg best i barnehagen (Loftesnes, 1998, s. 53-54).

Medverking bør ligga som ein veremåte når ein arbeidar i barnehagen. Barnehagepersonalet blir kjende med kva barna er opptekne av gjennom observasjon og deltaking i lek. På denne måten kan barnehagepersonalet koma med nytt materiale som er spennande for barna. Ut i frå dette kan me seia at barn si medverking bør ligga til grunn for kva utstyr ein tar med i tursekken. Barna bør også kunna direkte bestemma kva utstyr som skal vera med i tursekken, fordi barna blir engasjert når ein tar utgangspunkt i deira erfaringar, teoriar og tankar. Barna lærer best om noko som dei opptekne av (Langholm, 2011, s. 23-24).

Når barnehagen er på tur, er dei ofte på tur heile dagen. Då vil det vera nødvendig å ha med seg mat eller laga mat på turen. Det er derfor viktig å pakka med seg riktig utstyr i forhold til kva ein skal eta på turen.

3.0 Val av metode

For å kunna svara på problemstillinga mi har eg valt å bruka ein kvalitativ forskingsmetode. Ved å bruka ein slik forskingsmetode vil eg som forskar prøva å sjå samanhengane, noko som vil seia eit holistisk perspektiv. Kvalitativ forskingsmetode vil også ofte vera induktive, noko som vil seia at ein trekk slutningar frå det spesielle eller enkelte til det allmenne (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35).

3.1 Kvalitative intervju

Eg har valt å bruka kvalitativ forskingsintervju som metode fordi eg ønsker å gå meir i djupna på temaet. Ved eit slikt intervju kan informantene svara meir utfyllande og detaljert enn ved ein kvantitativ forskingsmetode, der ein ofte brukar spørjeskjema (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Det finst mange forskjellige typar intervju, men det som passar best til å svara på mi problemstilling, er strukturerte intervju. Det vil seia at forskaren, i dette tilfelle meg, har laga klart spørsmål på førehand av intervjuet, og at alle informantane blir stilt dei same spørsmål (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 74). Kvalitative intervju er som regel opne og det er ikkje formulert svaralternativ på førehand. På denne måten vil informantene kunna svara på spørsmål utan påverknad frå forskaren, og informantene kan bruka eigne ord til å formulera svara sine (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 79).

3.2 Datainnsamling

For å kunna svara på mi problemstilling valte eg å intervju fire pedagogiske leiarar i to forskjellige barnehagar. Grunnen til at eg valte å intervju pedagogiske leiarar er fordi det som regel er dei som står for planlegginga av turane og det pedagogiska opplegget i barnehagen. På førehand av intervju sendte eg ut eit informasjonsskriv der eg informerte om kva tema dei pedagogiske leiarane ville bli intervju i. I dette skrivet var det også eit samtykkeerklæringskjema som dei måtte skriva under på før intervju starta. I informasjonsskrivet presiserte eg også at eg ønska å bruka lydopptakar under intervju, og at lydopptaka ville bli sletta når bacheloroppgåva var godkjent. Dei pedagogiske leiarane fekk tilsendt intervjuguiden på førehand, slik at dei kunne vera meir forberedt til intervjuet. Intervju vart gjennomført i barnehagane når det passa for dei pedagogiske leiarane. Intervju gjekk føre seg på to forskjellige dagar der eg var i ein barnehage den eine dagen, og den andre

barnehagen ein anna dag. Dei to pedagogiske leiarane i frå same barnehage vart intervjuet etter kvarandre. Intervjuet varte i 20-30 minutt per pedagogisk leiar.

Etter alle intervjuet var gjennomført transkriberte eg dei, og sendte dei tilbake til den pedagogiske leiaren. Dette gjorde eg for at både den pedagogiske leiaren og eg skal kunna vera trygge på at den informasjonen som eg samla inn var tolka rett. På denne måten kunne også den pedagogiske leiaren leggja til eller ta vekk noko som dei meina ikkje stemde.

3.3 Validitet og reliabilitet

Validitet (gyldigheit) er ein representasjon av verkelegheita. Eit spørsmål ein kan stilla når ein ønsker å finna ut om forskinga har validitet er om dataa er valide (gode) representasjonar av fenomenet. For å finna svar på dette spørsmålet må ein i nokre tilfelle bruka sunn fornuft (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 24). Reliabilitet (påliteleg) er knytt til nøyaktigheita av dataa som er samla inn, altså kva data som blir brukt, den måten det er samla inn på og korleis dataa er omarbeida (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23).

Det ikkje mogleg å svara heilt klart å tydeleg på om dei funna og resultatata som er koma fram i ei forskning er gyldige og pålitelege (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 126). Likevel meiner eg at mine spørsmål var konkrete og opne, noko som er viktig for å få til eit godt intervju der deltakaren kan koma med sine eigne svar utan påverknad frå forskaren. På denne måten vil eg seia at forskinga har ei sterk validitet fordi resultatet representerer ei verkelegheit. Dette er også fordi eg sendte dei transkriberte intervjuet tilbake til dei pedagogiske leiarane og på denne måten kunne dei godkjenne det eg har fått ut av intervjuet. Sidan eg har intervjuet pedagogiske leiarar som sit på den kunnskapen som trengs for å svara på dei spørsmåla som eg stilte og sidan eg brukte lydopptakar under intervjuet, vart intervjuet omarbeida på ein god måte. På denne måten kan eg seia at forskinga har reliabilitet. Ut i frå dette vil eg seia at denne forskinga er truverdig.

Ved forskingsintervju som metode vil utdylege spørsmål som ikkje er særleg utfyllande vera ei feilkjelde. For å unngå dette har eg brukt opne spørsmål og det vert derfor ingen problem for meg. Det er viktig at spørsmåla er opne, slik at deltakaren kan svara utan at det allereie er eit rett eller galt svar. Deltakaren på intervjuet kan også misforstå spørsmål, og dermed kan det vera at ein ikkje får svar på det ein ønsker. Det er då viktig at forskaren har ein god

intervjuguide og er godt forberedt, slik at forskaren kan stilla oppfølgingsspørsmål for å svar på det ein ønsker (Løkken & Søbstad, 2013, s. 112-113).

3.4 Ethiske vurderingar

For at dei pedagogiske leiarane skulle kunna delta på intervju, og at eg kunne bruka det materiale i mi bacheloroppgåva, måtte dei skriva under på ein samtykkeerklæring før intervjuet vart gjennomført. I følgje Christoffersen og Johannessen (2012, s. 41-42) skal alle som deltar på slike forskingsprosjekt ha rett til sjølvråderett og autonomi, noko som vil seia at deltakarane kan trekka seg kva tid som helst. Deltakarane bestemmer også over sin eigen deltaking, og dei skal vera sikre på at forskaren anonymiserer opplysningane slik at deltakaren ikkje kan identifiserast. All informasjonen som er samla inn og som kan tilbakeførast til deltakarane er teiepliktig (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 46).

Sidan enkeltpersonar ikkje kan identifiserast i bacheloroppgåva og det ikkje blir framstilt sensitiv informasjon er det ikkje meldeplikt og konsesjonspliktig (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 43).

Under alle intervju brukte eg lydopptakar for å få eit mest mogleg korrekt resultat av intervju. For å nytta dette måtte dei pedagogiske leiarane godkjenne dette på førehand.

4.0 Presentasjon og drøfting av resultat

I denne delen av bacheloroppgåva skal eg leggja fram resultatata av intervjua og drøfta dette opp mot teorigrunnlaget som er skrive i del 2.0.

Som nemnd tidlegare har eg intervjua fire pedagogiske leiarar frå to forskjellige barnehagar. Sidan barnehagane og enkeltpersonane ikkje skal kunna identifiserast vil barnehagane bli presentert som barnehage A og barnehage B. Dei pedagogiske leiarane vil bli presentert som PL 1 (barnehage A), PL 2 (barnehage A), PL 3 (barnehage B) og PL 4 (barnehage B). I barnehage A er satsingsområdet friluftsliv, måltid og smågrupper for å skapa relasjonar. I barnehage B har dei eit fokus på å jobba med nære relasjonar. Dette vil seia at det berre er ein av barnehagane som har eit ekstra fokus på friluftsliv.

PL 1 har tre faste turdagar i veka. PL 2 har ein fast turdag i veka, men dersom det er fint vær går dei tur fleire dagar. PL 3 har ein fast turdag i veka, men dei brukar eit område som ligg like ved barnehagen til å gå på tur til og veldig ofte har dei to turdagar i veka. PL 4 har ein fast turdag i veka, og dei brukar også området som ligg like ved barnehagen til å gå på tur til, og det blir ofte fleire turdagar i veka. Felles for alle er at dei faste turdagane som regel er heile dagen, som er ca. frå klokka 10.00 til 14.00. Når dei går på tur utanom dei faste turdagane, så variera det mellom heildagstur og halvdagstur.

4.1 Syn på naturen som leike- og læringsarena, og målet med turen utanfor barnehagen sitt uteområdet

Kva syn dei pedagogiske leiarane har på naturen vil spela ei stor rolle i forhold til korleis dei brukar naturen og korleis dei legg til rette for leik og læring i naturen. Alle dei pedagogiske leiarane som eg intervjuar får fram at det å koma seg ut på tur er både viktig og positivt, og at naturen er ein veldig god arena for leik og læring. Dette meiner dei pedagogiske leiarane er på grunn av mangfaldet som er i naturen, og fordi barna får utfolda seg på ein heilt anna måte ute i naturen enn dei gjer inne i barnehagen og på barnehagen sitt uteområdet. At barna får utfolda seg på ein heilt anna måte ute i naturen er fordi naturen byr på mange forskjellige utfordringar for barna, og på grunn av at barna har ei oppdagingstrang, dei er nysgjerrige og har ein stor fantasi (Vedum et al., 2005, s. 18). Men for at barna skal få utfolda seg på ein anna måte ute i

naturen vil dette krevja at dei går på tur der det vil vera mykje utfordringar for barna, samt eit anna utgangspunkt enn dei har i barnehagen.

Måla som dei pedagogiske leiarane har for turen vil kunna påverka kva som skjer på truen og korleis dei legg til rette for leik og læring. Nokre av dei måla som dei pedagogiske leiarane har til felles er at barna skal få trenings på å gå i ulendt terreng og oppleve nærmiljøet til barnehagen. På den eine sida kan det vera nyttig å ha nokre mål som går igjen på kvar tur, som til dømes at barna skal få trenings på å gå i ulendt terreng. Ulendt terreng er det som regel uansett kor ein går, og på denne måten vil ein alltid få trening på dette. På den andre sida kan det vera nyttig å ha ulike mål for dei ulike turane, slik som PL 1 og PL 3 har. Men det som er spesielt viktig er å tenka over at ein bør ha eit mål for turen, men at det målet bør kunna endrast på undervegs, med utgangspunkt i det som barna blir opptekne av (Maanum, 2010, s. 59).

PL 2 har som mål at barna skal få undra seg over det som er i naturen og at leiken i naturen i seg sjølv er eit mål. Av og til er det eit mål med turen, men av og til går dei også berre tur og ser kva barna blir opptekne av på vegen. Før det første vil det å stoppa opp å undra seg i lag med barna når dei oppdagar noko vera viktig. Dette blir kalla for «Den døde musens pedagogikk» og det er viktig at planane for turen ikkje blir til eit hinder for barna si nysgjerrigheit når dei oppdager slike «døde mus» (Langholm, 2011, s. 26). Ut i frå det som PL 2 får fram får eg inntrykk av at PL 2 legg til rette for at barna skal kunna undra seg over det dei ser i naturen, og at dei ikkje alltid treng noko mål for turen utanom at barna skal kunna oppdaga slike «døde mus». For det andre står det i i rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 52) at barna skal få vera nysgjerrige og dei skal få erfaring med å bruka reiskap. Sett i eit slikt lys er det viktig å ha med eit standard val av utstyr i tursekken når ein går på tur (sjå punkt 2.4).

Gjennom sitat 1 får PL 4 fram måla for turane utanfor barnehagen sitt uteområdet:

¹Målet er i utgangspunktet opplevinga, og den vegen me går. Men me vaksne har som regel eit mål på turen, men det er ikkje alltid me får gjennomført det me har planlagt.

Det skjer spontane ting undervegs og me tar utgangspunkt i det som skjer på vegen.

Ut i frå sitat 1 får eg inntrykk av at PL 4 har opplevd at barna ofte blir opptekne av ting undervegs på turen, og då må PL 4 endra dei planane som var lagt for turen. På denne måten

viser PL 4 iver og nysgjerrigheit saman med barna når dei blir opptekne av noko, noko som er viktig når ein skal gripa augneblinken (Maanum, 2010, s. 74).

Korleis dei fire pedagogiske leiarane legg til rette for leik og læring ved bruk av utstyr kjem an på målet som dei har for turen. Det at dei pedagogiske leiarane har kunnskap om forskjellig utstyr og korleis utstyret påverkar barna si nysgjerrigheit vil vera veldig viktig. Som til dømes vil det vera nyttig for dei pedagogiske leiarane å veta at leiken til barna vil bli forlenga når dei har utstyr til å utforska med. At barna som brukar forskjellig utstyr inn i leiken vil kunna læra av dette vil også vera nyttig å vera (Fleer, 2009). Ut i frå dette er det viktig at den pedagogiske leiaren bevisst har med utstyr etter kva som er målet med turen. Men sidan målet med turen kan bli endra undervegs kan det derfor vera viktig å ha med eit standard val av utstyr med i tursekken. Eg forstår det slik at det utstyret som er lettast å ta med seg ofte er det utstyret som dei pedagogiske leiaren tar med. Når det kjem til større og meir uhandsleg utstyr vil dette skjeldan bli tatt med. Dette krev at den pedagogiske leiaren planlegg godt og har plass/kan bera utstyret. Eg meiner at å ha med utstyr på turen kan i seg sjølv vera ein aktivitet. Til dømes kan ein ha med håv, og den som går fremst får bera håven. Barna kan rullera på kven som går fremst, og på denne måten får også alle bera håven.

4.2 Referanseplassar og fast utstyr i tursekken

Alle dei pedagogiske leiarane som eg intervjuar har referanseplassar, og slike referanseplassar vil kunna vera eit godt utgangspunkt for vidare utforsking (sjå punkt 2.3).

I barnehage A brukar begge dei pedagogiske leiarane ein skog som ligg i nærleiken av barnehagen. PL 1 brukar i tillegg ein plass der dei har ein lavvo, og ein plass til som er like ved lavvoen. Ved lavvoen har PL 1 ein kasse med verktøy som sag, øks og hammar liggande. PL 2 brukar i tillegg til skogen ein park som ligg i nærleiken av barnehagen. PL 2 har ikkje noko utstyr liggande på nokon av plassane dei brukar å gå til.

I barnehage B brukar begge dei pedagogiske leiarane dei same plassane. Dette er eit område som ligg like ved barnehagen, og ein skog som ligg ein fin gåtur frå barnehagen. På den plassen som ligg like ved barnehagen har dei hammar, spikar og sag tilgjengeleg heile tida. I tillegg har dei teiknesaker i eit «hus» (med teltvegger) som står der. Inne i dette «huset» er det benkar som ein kan bruka dersom det regnar. Barna har også kjøkkenutstyr og bøtter

tilgjengeleg der. I skogen der dei har lavvoen har dei ingen utstyr liggande, men der har dei bygd ein leikeplass av naturmateriale.

Å alltid ha utstyr tilgjengeleg på dei faste plassane kan vera nyttig for både dei vaksne og for barna. Dette vil vera praktisk då dei ikkje treng å bera utstyret kvar gong. Dermed kan den pedagogiske leiaren også ha anna utstyr med i tursekken, som kan variera etter kva som er målet med turen, og som dei kan bruka på vegen til desse plassane. På denne måten får barna også eit større utval av utstyr.

Når ein skal på tur med barna i barnehagen kan det vera nyttig med ein tursekken som har eit standard val av utstyr (Hov, 2017a). PL 1 har som regel noko form for utstyr med seg, men kva utstyr som blir tatt med er avhengig av målet med turen. På den eine sida kan det vera lurt å planlegga kva utstyr ein skal ha med i tursekken ut i frå kva mål ein har for turen. Det er fordi målet som den pedagogiske leiaren har kan vera med på å avgjera kva som skjer på turen. På den andre sida er det viktig å tenka over at turen er ofte er den vegen ein går og spontane ting kan skje undervegs. Med grunnlag i dette kan det vera like viktig å ha eit standard val av utstyr i tursekken, uavhengig av kva målet med turen er.

Sitat 2 fortel oss kor ofte PL 3 har utstyr med seg på tur; "2 Dette varierar litt, og det er ikkje alltid me har utstyr med oss. Eigentleg meir sjeldan enn ofte". Likevel har det tidlegare i bacheloroppgåva kome fram at PL 3 ofte går tur til dei faste plassane, og på den eine plassen har dei ein del utstyr liggande. På denne måten har barna likevel fått erfaring med å bruka utstyr, men på dei turane som ikkje går til dei faste plassane har barna lite erfaring med å bruka utstyr. Det å ha eit standard val av utstyr i tursekken vil på denne måten kunna vera nyttig fordi då kan den pedagogiske leiaren ta fram utstyret etter det som skjer på turen, både på veg til den faste plassen og andre turar. Som nemnd tidlegare vil også barna få eit større utval av utstyr når den pedagogiske leiaren har utstyr liggande på dei faste plassane og eit standard val av utstyr i tursekken.

PL 4 synast det er veldig kjekt å ha med tau og kniv, og som regel er det alltid med i tursekken. Å få bruka kniv er noko barna bør få moglegheit til å læra (Hov, 2017b), men dette krev at barnehagelæraren har ein del kunnskap om dette. Å bruka tau krev også noko kunnskap, som til dømes at hamp er det beste tauet, spesielt grovt innpakkingstau av hamp (Loftesnes, 1998, s. 54-55).

PL 4 får fram at nista til barna blir smurt og lagt i kvar sin plastikkpose(brødpose) med namnet deira på. Og at når barna har ete nista si er det mange som brukar posen sin til å samla naturmateriale i som dei ofte tar med tilbake til barnehagen. På denne måten har dei alltid plastikkpose med, og den er klar til bruk når barna har ete maten sin. På den eine sida er det veldig bra at dei brukar plastikkposane om att, men på den andre sida vil ikkje barna ha moglegheit til å samla ting i plastikkposane før etter dei har ete nista si. Det kan derfor vera nyttig å ha med noko anna å samla ting i dersom dei ønsker å samla på ting før dei et nista si.

Kva dei pedagogiske leiarane har med i tursekken som fast utstyr varierer, men som nemnd tidlegare vil ein tursekk med eit standard val av utstyr vera nyttig når ein skal på tur med barna i barnehagen. Dette er fordi der grunnutstyret som ein har med i tursekken vil gjer slik at ein er meir forberedt på å møta dei utfordringane som både barna og naturen kjem med. Grunnutstyr som fyrstikker, insektspinsettar, små plastposar, isboksar, bøker, tursag og kniv er noko av det utstyret som bør vera fast med i tursekken (Hov, 2017a).

For at barna skal kunna nytta utstyret som er med på turen bør utstyret vera tilgjengeleg for barna, og dei pedagogiske leiarane har ansvar for dette. PL 1 får fram gjennom sitat 3 kor tilgjengeleg utstyret er for barna når dei er på tur:

³Det er ikkje alltid barna er klar over kva utstyr som er med på turen. Ofte tar eg det fram dersom det er nokon som ikkje har kome seg inn i ein leik, eller dersom nokon treng noko anna å gjera på. Eg brukar det meir som eit pedagogisk verktøy.

Å bruka utstyret som pedagogisk verktøy er også noko PL 4 gjer, og det blir tatt fram dersom det er behov for det. I følgje PL 4 er det ikkje alltid barna er klar over kva utstyr som er med på turen, men at dersom det blir opplyst om det, vil barna bruka utstyret. På den eine sida vil det å bruka utstyret som pedagogisk verktøy vera nyttig, sidan dei pedagogiske leiarane vil kunna styra aktiviteten meir. På den andre sida vil dette sannsynlegvis gjer at barna ikkje får bruka utstyret fritt etter eige ønske og behov. Sidan å bruka utstyr i naturen vil gjera at opplevingane blir større (Braute & Bang, 1994, s. 32), og gjer at barna blir meir ivrige og merksame (Maanum, 2010, s. 66-67). bør dei pedagogiske leiarane ikkje berre bruka utstyret som pedagogisk verktøy, men også la barna få bruka det etter eige ønske.

Gjennom sitat 4 fortel PL 3 at:

⁴Lupe har me ikkje brukt så masse ute av barnehagen, men me har nokre glas her i barnehagen og dei likar godt å samla insekt og studere dei med luper. Dette har me gjort mest inne i barnehagen, til no vertfall.

For det første vil det ute i naturen finst mykje meir moglegheit for å bruka lupa som utstyr for å studera noko nærmare, som til dømes fleire smådyr, og barna vil på denne måten få eit større utbytte ved å bruka lupa ute i naturen. For det andre er lupa eit av det viktigaste utstyret som bør vera med i tursekken når ein skal på tur (Braute & Bang, 1994, s. 32). Dessutan ser me i sitat 9 at PL 3 har erfart at barna likar å bruka lupa inne i barnehagen. På denne måten kan ein seia at PL 3 bør ha med seg luper i tursekken når dei går på tur for å fanga merksemda til barna.

Både PL 2 og PL 3 får fram at barna ber ofte utstyret som er med på turen sjølv, og at barna ofte sjølv tar initiativ til å ta det med. Dette er gjerne i form av bøtter eller anna leiker som dei har ute i barnehagen. Å la barna få vera med på å bestemma kva utstyr som skal vera med i tursekken vil gjer dei engasjerte, fordi dei får ta utgangspunkt i deira eigne erfaringar, teoriar og tankar. Dette er også fordi når barna er opptekne av noko vil dei læra meir (Langholm, 2011, s. 23-24).

4.3 Korleis utstyret som er med blir brukt

Alle dei pedagogiske leiarane fortel at utstyr i form av verktøy som sager, hammar, spikrar, kniv og tau blir styrt av dei vaksne. Dette er på grunn av sikkerheita, då dei pedagogiske leiarane må ha kontroll over det barna gjer. Til dømes når barna brukar kniv er det nokre reglar som dei må følgja, som at dei alltid må sitta i ro når dei har ein kniv i handa, dei må sitta vekk frå kvarandre og det må alltid vera ein vaksen til stade. Likevel bør ikkje dette vera til hinder for at barna skal kunna få moglegheit til å læra å bruka kniv i barnehagen. Dette er fordi når barna får bruka kniv vil dei dessutan læra seg korleis den skal brukast og dei lærar seg risikoen for å skada seg (Hov, 2017b). Det same gjeld når dei skal bruka tau. Barna får ikkje lov å leika fritt med tauet, då tauet er så sterkt at dersom dei får det rundt halsen vil det ikkje slitna. Dette bør heller ikkje vera eit hinder for å bruka tau som utstyr når ein er på tur, og barnehagelæraren bør derfor ha nok kunnskap om kva tau som eignar seg til kva og nokre knutar.

Bøtter og plastikkposar(brødpesar) er noko av det utstyret som er mest med i tursekkane til dei pedagogiske leirane som eg intervjuar, og dette blir brukt til å samla naturmateriale i. Dersom dei har med seg luper eller anna utstyr i tursekken kan barna bruka dette fritt så lenge det ikkje er ein fare for at barna blir skada og utstyret ikkje blir øydelagd. Tidlegare i oppgåva kjem det fram at det utstyret som er med på tur ofte blir brukt som pedagogisk verktøy, og at barna ikkje alltid er klar over kva utstyr som er med i tursekken. Det at barna blir med eit augneblink merksame når dei får bruka kroppen sin og når dei får ta i bruk utstyr bør ligga som ein grunn for at dei pedagogiske leiarane har med eit standard val av utstyr i tursekken. Dette er også på grunn av at utstyr vil vera nyttig når ein skal fenga merksemda til barna (Fischer & Madsen, 2002, s. 153).

4.4 Barna sin leik, nysgjerrigheit, lærelyst og merksemd

Å finna ut kva forskjellar dei pedagogiske leiarane merkar på leiken i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet og leiken inne på barnehagen sitt uteområdet var interessant med tanke på korleis barna brukar naturen som utstyr i seg sjølv. I følgje PL 1 og PL 2 vert det mindre konflikstar i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og dette meiner dei er på grunn av mangfaldet som er i naturen. Dette krev at barna får vera mykje ute i naturen, fordi på denne måten lærar dei seg å sjå kva moglegheiter naturen byr på (Maanum, s. 39).

Gjennom sitat 5 får PL 1 fram nokre av forskjellane:

⁵I barnehagen sitt uteområdet kan nokre barn sitta i sandkassen heile dagen. Og me har for eksempel ein regel her i barnehagen som går ut på at i barnehagen sitt uteområdet er det ikkje lov med pinnar, og på denne måten vil det vera mykje som blir begrensa. I tillegg syns eg ikkje at uteområdet til barnehagen er så veldig bra, så eg vil seia at barna får eit mykje større utbytte med tanke på leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet. Eg ser også at når me er ute i naturen brukar dei naturen i leiken.

Det er viktig at miljøet appellera til barnet og deira behov, fordi nysgjerrigheita er avhengig av det som er rundt ein. Miljøet bør appellera til barna sine følelsar og tankar, og det bør gi varierte og fysiske utfordringar, fordi dette er noko barna ønsker (Lysklett, 2006, s. 14). Ut i frå dette vil det vera naturleg at nokre barn sit i sandkassa heile dagen. Dette er fordi det er det miljøet rundt sandkassa fortel barna at dei skal gjera. Det er derfor viktig at barnehagelæraren tar med barna ut i naturen med varierte miljø som appellerer til barna og deira behov

PL 4 får fram gjennom sitat 6 at:

⁶No har me eit veldig bra uteområdet i barnehagen med ein del naturmateriale som barna brukar i leiken. Men barna leikar enda meir og betre med naturmateriale utanfor barnehagen sitt uteområdet, fordi der er det eit større utval. Me har for eksempel eit tre i barnehagen som barna kan klatra i, og me har eit kjøpt klatrestativ. Det blir ein del klatring i barnehagen, men likevel så byr naturen på fleire moglegheiter for klatring og det er meir tilrettelagt for klatring ute i naturen.

PL 3 er også einig i at barnehagen sitt uteområdet er bra og at barna har noko naturmateriale tilgjengeleg i barnehagen. Dermed brukar barna naturmateriale inn i leiken begge plassar, men barna har ofte meir moglegheit utanfor barnehagen sitt uteområdet. Men for at det skal vera eit større utbytte av moglegheiter med tanke på utstyr som naturen byr på i seg sjølv utanfor barnehagen sitt uteområdet må ein gå på tur til plassar der naturen myr på mykje forskjellig. Som til dømes dersom barna skal få større utbytte av klatring utanfor barnehagen sitt uteområdet må dei gå på tur der det finnes mange klatretrær

PL 1 har merka at dersom det blir tatt fram utstyr, som til dømes ei lupa, vil alle barna koma bort for å sjå kva det er og lurar på kva som skal skje. Noko PL 1 meiner er eit teikn på nysgjerrigheit. PL 1 meiner også at lærelyst og nysgjerrigheit heng saman og at det eine fører til det andre. Ut i frå dette kan ein seia at det er viktig at barnehagepersonalet er klar over at læringssituasjonane krev visse forhold. Både det miljøet som barna er i og det utstyret som barna har tilgjengeleg vil påverka læringssituasjonane (Thulin & Gustavsson, 2017). Det er også viktig at barnehagepersonalet er klar over at barna vil kunna utvikla seg vidare og læra av å bruka forskjellig utstyr inn i leiken (Fleer, 2009).

Barna si nysgjerrigheit er mange gonger avhengig av dei vaksne og gjennom sitat 7 får PL 2 fram at:

⁷Dersom me ikkje har eit mål for turen, at me skal sjå etter noko spesielt kan barna berre gå forbi ting. Men dersom me vaksne tar initiativ å seie «oj, sjå kva som er her, her er det ei kongla!», vil barna på denne måten bli meir interessert i ting som dei kanskje elles ville gått forbi.

PL 3 og PL 4 merkar også at når dei vaksne er med på det som skjer blir barna nysgjerrige og dei blir meir ivrige. Dette kan vera fordi det å seia «sjå her!» med innleving og setta seg ned på kne tett innpå det som er interessant vil vera med på å gjera både barna og dei andre vaksne nysgjerrige og merksame (Maanum, 2010, s. 29). Og for å få fram barna si nysgjerrigheit og

interesse må barnehagepersonalet vera medopppdagande, medundersøkande, medopplevande og med-aktive (Fischer & Madsen sitert i Maanum, 2010, s. 32) For å kunna vera ein slik vaksen må ein gå ned på barna sitt nivå og ein må kunna sjå i frå barna sitt perspektiv. På denne måten kan ein seia at den vaksne må ha ei leikande haldning og vera aktiv sansande i lag med barna (Maanum, 2010, s. 32). Sidan ei leikande haldning ikkje kjem like naturleg for dei vaksne som det gjer for barna, vil dette kunna vera utfordrande for dei vaksne.

På denne måten vil dette vera noko dei vaksne må å øva på, slik at det kjem naturleg for dei. Eg forstår dette som at når den vaksne klarar å ha ei leikande haldning, vil det også vera lettare å fanga barna si merksemd fordi dei viser engasjement som smittar over på barna.

Både PL 1 og PL 4 merkar at barna blir merksame med ein gong utstyret blir tatt fram, men at nokre barn dett vekk etter kvart. PL 1 meiner dette er fordi barna er så kroppslege og vil vera i bevegelse. PL 1 legg også til at bruken av noko utstyr ofte er vaksenstyrt, som bruk av kniv og tau, og at det fort kan bli kjedeleg for barna når dei for eksempel må stå i kø. Å bruke slikt utstyr der dei vaksne må styra aktiviteten på grunn av risikoen, vil det krevja at barnehagepersonalet klarar å drive slik risikoleik utan at det blir kjedeleg for barna.

Barnehagepersonalet bør derfor reflektera over det utstyret som dei har med og planlegga godt ut i frå det. Å reflektera over kva utstyr som er med i tursekken er noko PL 4 har gjort, som får fram at det utstyret som er med i tursekken kanskje ikkje er bra nok, og grunnen til at nokre barn dett vekk kan vera PL 4 sin feil med tanke på å faktisk fanga merksemda deira gjennom utstyret. PL 4 får også fram at å visa visuelt er med på å fanga barna si merksemd. Med grunnlag i denne erfaringa bør PL 4 leggja til rette for dette gjennom bruk av utstyr.

På den eine sida har både PL 1 og PL 4 erfart at noko av utstyret som er med på turen ikkje fanga barna si merksemd, og for det andre har dei noko ulik forklaring på kvifor. Det kan på denne måten vera nyttig for dei pedagogiske leiarane å ha med forskjellig utstyr i tursekken og variera bruken av utstyret. Dette er fordi utstyret som barnehagepersonalet vel å ha tilgjengeleg for barna og korleis dei brukar utstyret vil påverka korleis barna vil bruka utstyret, kva følelsar dei får fram hos barna og ideane deira. På denne måten er det viktig at barnehagepersonalet har ein bevisstheit i forhold til kva utstyr som er tilgjengeleg for barna og at sjølve utstyret som barna held på med er viktig for å fanga merksemda deira (Langholm, 2011, s. 35).

Gjennom sitat 8 kjem det fram korleis PL 2 opplev barna si merksemd:

⁸Når barna får vår oppfølging i ein situasjon så opplev eg at barna blir meir merksame, fordi dei får respons på det dei er interessert i. Det viktigaste er at me vaksne er pålogga i barna sitt møte med naturen.

Dette krev at den pedagogiske leiaren er til stade og er rettleiande, gir barna hjelp og støtte, og dermed blir naturen ein fin arena for læring (Pape, 2006, s. 133).

PL 3 fortel gjennom sitat 9 at:

⁹På den plassen som ligg nærmast barnehagen har me mykje utstyr tilgjengeleg, som me ikkje har i skogen der me har lavvoen. Likevel synest eg dei kan ha like god leik begge plassar, sjølv om dei har mindre utstyr tilgjengeleg i skogen.

Eg forstår det slik at barna brukar naturen som utstyr i seg sjølv når dei er i skogen der lavvoen er, medan dei brukar anna utstyret som er tilgjengeleg på den andre plassen. Det er viktig å tenka over at naturen byr på mykje, og at dette også er form av utstyr som barna kan ta i bruk i leiken. Likevel er det viktig å tenka over at det er barnehagepersonalet som legg forholda til rette for kva utstyr barna har tilgjengeleg. Ut i frå dette blir barna si merksemd og konsentrasjon indirekte styrt av dei vaksne, og barna si interesse for å utforska vil drive barna vidare til å utforska meir (Nordahl & Misund, 2009, s. 109). Dette krev at den pedagogiske leiaren er klar over at utstyret er med på å gjer barna meir merksame og interesse for å utforska vidare. Sett i eit slikt lys kan man seia at dersom PL 3 har meir utstyr i form av verktøy, luper og pinsettar med til skogen vil barna bli meir merksame og vise det i leiken.

5.0 Oppsummering og konklusjon

Som nemnd innleiingsvis ønska eg å finna svar på problemstillinga «*Kva utstyr har pedagogisk leiar med i tursekken for å leggja til rette for leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt uteområdet, og korleis blir utstyret brukt?*». I denne delen skal eg få fram det eg har funne ut i mi forskning og svare på denne problemstillinga.

Gjennom denne forskinga har eg tileigna meg mykje ny kunnskap om barna si merksemd og nysgjerrigheit når dei tar i bruk utstyr. Det at barna si merksemd og nysgjerrigheit er avhengig av dei vaksne var ikkje nytt for meg, men at utstyret påverkar barna si merksemd og nysgjerrigheit i så stor grad som teorien får fram var eg ikkje like klar over.

Det kjem fram i intervjua at tre av dei fire pedagogiske leiarane har referenaseplassar der dei har fast utstyr liggande. Det kjem også fram at to av dei pedagogiske leiarane ikkje alltid har med noko form for utstyr når dei går på tur. Dei to andre pedagogiske leiarane får fram at dei som regel har med seg noko form for utstyr, men at det ikkje alltid blir brukt, og at det som oftast blir brukt som pedagogisk verktøy. Hammar, sag, kniv og tau er utstyr som er vaksenstyrt på grunn av sikkerheita, medan utstyr som lupar og samlereiskap (bøtter og små plastikkposar) blir brukt fritt av barna. Noko å samle i, tau og kniv er det utstyret som dei pedagogiske leiarane oftast tar med.

Ut i frå intervjua kan det verka som at dei pedagogiske leiarane ikkje har nok kunnskap om at det utstyret som er med på tur vil kunna påverka barna si merksemd og nysgjerrigheit, og at dersom barna brukar forskjellig utstyr i leiken, vil dei kunna utvikla seg vidare og læra av det (Fleer, 2009).

Ut i frå teorien og drøftinga av resultatet er min konklusjon at det å ha eit standard val av utstyr i tursekken vil vera nødvendig for å kunna påverka barna si merksemd og nysgjerrigheit slik at dei skal kunna læra av det. Å ha ein tursekk med eit standard val av utstyr vil gjer at dei pedagogiske leiarane alltid har utstyr tilgjengeleg for barna og barna får eit større utval av utstyr til å utforska med.

Litteraturliste

- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager*. Henta frå
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Braute, J. N., & Bang, C. (1994). *Bli med ut! Barn i naturen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag
- Fischer, U., & Madsen, B. L. (2002). *Se her! Om barns oppmerksomhet og førskolelærereens rolle*. Oslo: Pedagogisk forum
- Fleer, M. (2009). Supporting Scientific Conceptual Consciousness or Learning in 'a Roundabout Way' in Play-based Contexts. *International Journal of Science Education*. 31(8), 1069-1089
- Hov, E. M. (2017a, 11. april). *Barnehagens tursekk – hva inneholder den?* Henta frå
<https://www.forskerfrø.no/artikkel/vis.html?tid=2176999>
- Hov, E. M. (2017b, 11. april). *Barns bruk av utstyr på tur*. Henta frå
<https://www.forskerfrø.no/artikkel/vis.html?tid=2176997>
- Langholm, G. (Red.), Hilmo, I., Holter, K., Lea, A., & Synnes, K. (2011). *Forskerfrøboka: Barn og natur*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Loftesnes, J. M. (1998). *På natur leikeplassen*. Oslo: Sebu Forlag
- Lysklett, O. B. (2006). *Temahefte om natur og miljø*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget

- Maanum, L. (2010). *Mangfoldig naturglede i barnehagen. Lek med natur, miljø og teknikk.* Oslo: Kommuneforlaget
- Nordahl, A., & Misund, S. S. (2009). *Læring gjennom mestring. Skoggruppetoden.* Oslo: Sebu Forlag
- Pape, K. (2006). *Se hva jeg kan `a! Barnehagen som læringsarena.* Oslo: Kommuneforlaget
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læraren med forskerblick: Innføring i vitenskaplig metode for lærerstudenter.* Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Sortland, M. Ø., Tikkanen, T. I., Heggen, M. P., Holtre, K., Langholm, G., Broström, S., ...Thulin, S. (2017). Kvalitet i barnehagelærerutdanning i naturvitenskap: En fellesnordisk studiemodul. *Nordina*, 13(1), 97-111
- Thulin, S., & Gustavsson, L. (2017). Lärares uppfattningar av undervisning och naturvetenskap som innehåll i förskolans verksamhet. *Nordina*, 13(1), 81-96
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen: innhold og oppgaver.* Henta frå <https://www.udir.no/rammeplan>
- Vedum, T. V., Dullerud, O., & Ødegaard, T. (2005). *Natur – og gårdsbarnehagen.* Bergen: Fagbokforlaget

Førespurnad om deltaking i bacheloroppgåve

Hei!

Eg går 3. året på barnehagelærerutdanninga ved høgskulen på Vestlandet (avdeling Stord). Eg held på med mi bacheloroppgåve, der problemstillinga er *Kva utstyr har pedagogen med i sekken for å leggja til rette for leik og læring i naturen utanfor barnehagen sitt området, og korleis blir utstyret brukt?*

I denne bacheloroppgåva vil temaet vera korleis pedagogisk leiar brukar utstyr og verktøy bevisst for å leggja til rette for at barna skal kunna bli nysgjerrige og undra seg over det dei finn ute i naturen. Eg ønsker å forska på korleis utstyret som er med i tursekken påverkar barnas merksam når dei er ute i naturen utanfor barnehagen sitt området.

Ut i frå temaet og problemstillinga har eg valt å bruka kvalitativ forskingsmetode, der eg nyttar forskingsintervju som metode. Eg ønsker å intervjuja pedagogisk leiar med formell pedagogisk utdanning som førskolelærer/barnehagelærer for å finna svar på mi problemstilling.

Eg ønsker å bruka lydopptakar under intervjuet, samtidig vil eg også notere undervegs. Intervjuet vil føregå når det passar for pedagogisk leiar, enten om det er i eller utanfor arbeidstida til pedagogisk leiar.

Det er frivillig å delta i dette intervjuet, og deltakaren kan når som helst trekka seg frå intervjuet utan å måtte grunngi kvifor. Dersom ein vel å trekka seg vil materiale som er samla inn bli sletta.

Dersom intervjuet blir gjennomført vil materiale som er samla inn bli anonymisert, og personar og barnehagar vil ikkje kunna gjenkjennast i bacheloroppgåva.

Dersom du ønsker å delta i intervjuet vil du få tilsend spørsmåla i forkant av intervjuet.

Samtykkeerklæring

Eg er med dette villig til å delta i forskingsintervjuet og samtykker at den innsamlede informasjonen vil bli analysert og brukt til å svara på problemstillinga i bacheloroppgåva til studenten. Eg har mottatt informasjon om kva tema studenten ønsker å forska på, samt kva forskingsintervjuet går ut på.

Dato:.....Signatur:.....

Telefonnummer/epostadresse:.....

Intervjuguide

1. Kva er satsingsområdet til barnehagen?
2. Kor ofte/mykje er de på tur utanfor barnehagen sitt uteområdet?
3. Kva er målet med turen utanfor barnehagen sitt uteområdet?
4. Kva syn har du på naturen som leike og læringsarena for barna? Korleis legg du til rette for leik og læring i naturen ved bruk av utstyr? (som for eksempel ei lupa, samlekasse, hov eller verktøy som kniv, sag eller hammar)
5. Har de ein fast plass de går på tur til? Kva utstyr har barna tilgjengeleg der?
6. Kva utstyr har du alltid med på tur, i forhold til utstyr som du enkelte gongar har med?
7. Korleis blir utstyret som er med brukt?
8. Merkar du forskjell på leiken i barnehagen sitt uteområdet, i forhold til leiken i naturen utan for barnehagen sitt område med tanke på naturen som utstyr? (Brukar barna det naturen har å by på i leiken?) Kva går eventuelt desse forskjellane ut på?
9. Korleis opplever du barna si nysgjerrigheit og lærelyst når barna tar i bruk utstyret som er tilgjengeleg, i forhold til når dei ikkje brukar det?
10. Korleis opplever du barna si merksemd når dei tar i bruk utstyret som er med på turen, i forhold til dersom dei ikkje brukar utstyr? Kva tid vil du seia at barna er mest merksame?
11. Kor tilgjengeleg er utstyret for barna på turen? Korleis orienterer du barna om det utstyret som er tilgjengeleg?